



MØTEPROTOKOLL

Utval: Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar

Møtestad: Kommunehuset Smia, Grodås

Dato: 11.01.2017

Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Medlem	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Medlem	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Stig Olav Lødemel	Medlem	H
Randi Langlo	Medlem	A
Eldar Engelund	Medlem	SP
Rasmus Kirkhorn	Medlem	SP
Brynhild Lund Notøy	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Dan Helge Bjørneset	Margrete Bjerkvik	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann i Volda kommune
Ann Kristin Langeland	Rådmann i Hornindal kommune

Frå dei tillitsvalde: Idar Holen, Sirikit Vågen og Oddbjørg Yksnøy Rangsaeter

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/17	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte
PS 3/17	Etablering av ny kommune Hornindal og Volda – Prosjektorganisering
PS 4/17	Oppnemning av temakomitear
OS 1/17	Orienteringssaker Administrative arbeidsgrupper
OS 2/17	Prosjektplan

PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Orienteringssaker; administrative arbeidsgrupper, prosjektplan.

Røysting:

Samrøystes.

PS 2/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

Handsaming:

- A. Spørsmål om stillinga som kommunikasjonsrådgjevar
- B. Vedlegg det vert referert til i saksframstillingar bør leggest med i sakene

Røysting:

Samrøystes.

PS 3/17 Etablering av ny kommune Hornindal og Volda - Prosjektorganisering

Ordførarane rår til slik organisering:

- 1. Prosjektleder vert rådmann i ny kommune.*
- 2. Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektledarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.*
- 3. Rådmannen i Hornindal kommune går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen.*

4. *Ordførarane startar arbeidet med førebuingar for formelle og praktiske avklaringar for handsaming i ordinær fellesnemnd.*

Handsaming:

Brynhild Lund Notøy møtte.

Under handsaming av sak 3/17 hadde rådmennene meldt seg innhabile, og deltok ikkje i drøfting og behandling av saka.

Røysting:

Samrøystes.

Vedtak i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 11.01.2017:

1. *Prosjektleiar vert rådmann i ny kommune.*

2. *Med bakgrunn i at det ikkje er konkurranse mellom dei to eksisterande rådmennene, er det ynskeleg at prosjektleiarfunksjonen vert lagt som ein tilleggsfunksjon til rådmannen Volda kommune.*

3. *Rådmannen i Hornindal kommune går inn i funksjon som assisterande rådmann i den nye kommunen.*

4. *Ordførarane startar arbeidet med førebuingar for formelle og praktiske avklaringar for handsaming i ordinær fellesnemnd.*

PS 4/17 Oppnemning av temakomitear

Innstilling:

Førebels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommune gjev følgjande innstilling til kommunestyra:

1. *Det vert oppretta følgjande temakomitear:*

✓ *Heraldikk/namn*

Leiar:

Medlemmar:

✓ *Vegnamn*

Leiar:

Medlemmar:

✓ *Organisasjonsutval*

Leiar:

Medlemmar:

2. *Mandat og framdriftsplan vert utforma av leiar*

3. Rådmennene peikar ut sekretariat for gruppene

Handsaming:

1. Heraldikk/namn

Tema komité på 5 personar, 2 frå kvar kommune. Kommunestyra kjem med framlegg til kandidatar.

Ordførarane får fullmakt til å kome med framlegg på leiar av komiteen. Dette skal vere ein «nøytral» fagperson.

2. Vegnamn

Ber administrasjonen kartlegge om det er sams vegnamn i dei to kommunane før fellesnemnda tek stilling til om det er behov for ein eigen tema komité til dette

3. Organisasjonsutval

Kommunestyra vert bedne om å kome med framlegg på 3 kandidatar frå kvar av kommunane.

Fellesnemnda tek stilling til mandat og framdriftsplan på neste møte i nemnda.

Røysting:

Samrøystes.

Tilråding i Mellombels fellesnemnd for Volda og Hornindal kommunar - 11.01.2017 til kommunestyra:

1. Heraldikk/namn

Tema komité på 5 personar, 2 frå kvar kommune. Kommunestyra kjem med framlegg til kandidatar.

Ordførarane får fullmakt til å kome med framlegg på leiar av komiteen. Dette skal vere ein «nøytral» fagperson.

2. Vegnamn

Ber administrasjonen kartlegge om det er sams vegnamn i dei to kommunane før fellesnemnda tek stilling til om det er behov for ein eigen tema komité til dette

3. Organisasjonsutval

Kommunestyra vert bedne om å kome med framlegg på 3 kandidatar frå kvar av kommunane.

Fellesnemnda tek stilling til mandat og framdriftsplan på neste møte i nemnda.

Orienteringssaker

OS 1/17 Administrative arbeidsgrupper

Det vert no sett ned administrative arbeidsgrupper som skal kartlegge status innanfor dei ulike fagområda i kommunane.

OS 2/17 Prosjektplan

Ein vil starte opp arbeidet med prosjektplan, som vert lagt fram for fellesnemnda i nær framtid.

Neste møte i fellesnemnda: 09.03.17 kl. 13.00 i Volda.